

**Var rusa og oppførte seg rabi**

20.07.2012

**Ved 22-tida torsdag kveld oppførte ein tydeleg sterkt rusa mann seg så rabi i sentrum av Uskedalen at politiet måtte varslast.**

**Han kom først til Systrene Nilsen der han var så trugande at folk reagerte. Etter kvart vart han sterkt utagerande og det måtte 3 mann til for å leggja han i golvet framfor bardisken.**

Etterat han vart bortvist frå vertshuset sette då kursen mot Rabben Feriesenter der han heller ikkje oppførte seg skikkeleg.

- Han var tydeleg påverka av noko anna enn alkohol, kommenterte ein av dei som var med og roa han ned med makt.

Mannen er da også kjent av politiet som vurderer å melda han for ordensforstyrning